

**Til stades:** Per Øyvind Tveiten - leiar, Camilla Granlien - nestleiar  
Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes, Hilde Reitan,  
Tove Leinslie

Gro Marie Svidal – 1.vara.

Linda Dyrnes – dagleg leiar. Ingrid Stuhaug – tilsettes  
representant. Anbjørg Myhra Bergwitz under sakene 02, 05 og  
06. Liv Annette under sak 06.

Solveig Brekke Hauknes som har praksis i FolkOrg var  
observatør under heile møtet, med unntak av sak 09.

**Tid:** Tysdag 24.januar 2017 kl. 10-17

**Stad:** Schous

### Referat

Styresak 2017/01	Innkalling og sakliste
Styresak 2017/02	Orienterings-, drøfting- og referatsaker
Styresak 2017/03	Gjennomgåande medlemskap
Styresak 2017/04	Medlemspengar i FolkOrg
Styresak 2017/05	Revidering av handlingsplan
Styresak 2017/06	Revidert budsjett 2017
Styresak 2017/07	Årsmøte i områdelaga
Styresak 2017/08	Sakliste til landsmøte
Styresak 2017/09	Utnemning av nytt heidersmedlem
Styresak 2017/10	Kulturpolitiske prioriteringar for 2018
Styresak 2017/11	Open klasse på Landsfestivalen i gammaldansmusikk
Styresak 2017/12	Premie i halling c og pardans C på Landskappleiken
Styresak 2017/13	Høyring på vedtekter for Kulturalliansen
Styresak 2017/14	Medlemsskap i CIOFF
Styresak 2017/15	Eventuelt

## Styresak 2017/01 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

## Styresak 2017/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

### a) Førebels rekneskap 2016

- a. Førebels rekneskapsrapport for 2016 vart lagt fram i møtet. Vi får eit betydeleg overskot.

### b) Driftsrapport per 18.januar 2016

- a. Rådgeving/opplæring/service – oppsummering
  - i. Søkt tilskot til dommarseminar til hausten
  - ii. Kontakt med områdelag og lokallag om diverse.
  - iii. Offentleggjort tilskotet frå Dextra Musica til rekrutteringsarbeid.
  - iv. Kontakt med Hedmark folkemusikklag, Gudbrandsdal folkemusikklag, Møre og Romsdal folkemusikklag og Trøndelag folkemusikklag om mogleg samarbeid mellom laga.
  - v. Vore på frukostseminar om endringar i personvernlova.
- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
  - i. Landsfestival i gammaldansmusikk og Landskappleik:
    1. Byrja arbeidet med å skaffe dommarar.
    2. Revidert handbøker og sendt dei til neste års arrangørar.
    3. Søkt om Kongepokal i dans hardingfele, og fått.
    4. I gang med nye nettsider for arrangementa.
    5. Kontakt med infoansvarlige på arrangementa.
  - ii. Folkelarm
    1. I gong med planlegginga.
    2. Laga noko promoteringsmateriell.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
  - i. Annonsesalet godt i gong.
  - ii. Folkemusikk 1/2017 ferdigstillast i utgangen av januar.
  - iii. Promoteringsmateriell til Slåttify klart.
  - iv. Oppfølging av nettsider og sosiale media.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
  - i. Har delteke på Frivilighet Norges toppleiarkonferanse.
  - ii. Byrja planlegginga av Arendalsuka i samarbeid med arrangørforum.
  - iii. Har invitert politikarar til å sitte i panel på landsmøtet.
  - iv. Har blitt med i eit samarbeid med Arrangørforum om statistikk frå heilårsarrangørar og festivalar.
  - v. Vi er i kontakt med NRK for å sikre vidare satsing på folkemusikk.
  - vi. Det er ein del usikkerheit om musikkens rolle i Kulturtanken, og kva som lagt vekt på kvalitetsmessig; kunsten i seg sjølv eller tilpassing til skulens fagplanar. Gro Marie Svidal, Camilla Granlien og Linda Dyrnes formulerer eit brev der vi stiller ein del spørsmål.

### e. Særskilde satsingar

- i. Rekruttering innan folkemusikk og folkedans
  1. Vi har fått tilskot frå Dextra Musica til eit omfattande rekrutteringsprosjekt. Dette er no lansert,
- ii. **Folkedans:**
  1. Delteke på seminar med Dans i skolen. Tema: Ulike innfallsvinklar til dans i skolen.
  2. **Arbeidet med "Prosjektskisse for ungdomskompani i folkedans – mogleg Talent Norge Prosjekt"** er i gong i samarbeid med Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Noregs Ungdomslag. Vi har hatt referansegruppemøte.

*Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering.*

### **Styresak 2017/03 Gjennomgåande medlemskap**

*Vedtak: Styret innstiller på at vi fører inn att krav om gjennomgåande medlemskap på landsmøtet i 2017. Det må brukast nødvendig tid for iverksetting av vedtaket.*

### **Styresak 2017/04 Medlemspengar i FolkOrg**

- 1. Medlemspengar for 2019 vert sett til 290 for vaksne og kr 100 for born.*
- 2. Vi innfører testing av familiemedlemskap og støtte-medlemskap for Valdres Folkemusikklag frå 2017, og eit lokallag i tillegg frå 2018. Det må gjerast på ein måte som ikkje krev endringar i eller omlegging av medlemssystemet.*
- 3. Satsen for familiemedlemskap utgjer summen av to vaksne og eit born.*
- 4. Satsen for støtte-medlemskap er sett til kr 100, der 50 kr går til FolkOrg og 50 kr til lokallaget.*

### **Styresak 2017/05 Revidering av handlingsplan**

*Vi arbeidde vidare med revidering av handlingsplan. Administrasjonen lager eit revidert forslag på bakgrunn av diskusjonen.*

### **Styresak 2017/06 Revidert budsjett 2017**

*Førebels revidert budsjett for 2017 vart lagt fram og vi drøfta vidare framgangsmåtar for å få det i balanse. Administrasjonen arbeider vidare med budsjettet ut frå dei signala som vart gitt og rekneskap for 2016.*

**Styresak 2017/07    Årsmøte i områdelaga**

**Vedtak:**

*FolkOrg deltek med desse på årsmøta i dei ulike områdelaga:*

Område-lag	Dato	Sted	Kontakt-person	E-post	Representant
Trøndelag	04.02.17	Scandic Nidelven kl. 17.00	Torill Aasegg	<a href="mailto:torill@asegg.no">torill@asegg.no</a>	Per Øyvind
Sogn og Fjordane	02.04.17	Førde	Ingrid Heieren	<a href="mailto:ingrid@folkemusikklaget.no">ingrid@folkemusikklaget.no</a>	Øyvind og Helene
Buskerud	11.03.17		Veslemøy Fjeringstad	<a href="mailto:veslemoy@fjeringstad.net">veslemoy@fjeringstad.net</a>	Thor
Hedmark	???		Kirsti Thoresen	<a href="mailto:ki-thore@online.no">ki-thore@online.no</a>	Hilde eller Camilla
SAFFA	30.03.17	Kjeller	Nils Seland	<a href="mailto:post@saffa.no">post@saffa.no</a>	Øyvind og Thor
Møre og Romsdal	26.03.17	Fosnavåg	Hanne Moldver Salthammar	<a href="mailto:hannemoldver@hotmail.com">hannemoldver@hotmail.com</a>	Øyvind
Gudbrandsdal	???		Tom Erik Kleiven	<a href="mailto:tekfele@online.no">tekfele@online.no</a>	Hilde eller Camilla
Valdres	???		Frode Rolandsgard	<a href="mailto:post@valdresfolkemusikklag.no">post@valdresfolkemusikklag.no</a>	Kjellbjørn?
Telemark	???		Kjell Stundal	<a href="mailto:kjell.stundal@musikk.no">kjell.stundal@musikk.no</a>	Per Øyvind om dato passer
Hordaland	20.03.2017 (truleg)		Silje Solberg	<a href="mailto:post@hordalandfolkemusikklag.no">post@hordalandfolkemusikklag.no</a>	Per Øyvind

**Styresak 2017/08    Sakliste til landsmøte**

*Vedtak: Styret vedtek framlegg til sakliste slik den står her:*

1. årsmelding for dei to siste åra
2. rekneskap for dei to siste åra
3. Innkomne saker
4. Tevlingsreglement; rangering av deltakarar
5. Vedtektsendringar kring gjennomgåande medlemsskap
6. Langtidsplan
7. fastsetjing av medlemspengar
8. budsjett
9. oppnemning av revisor
10. val av tillitsfolk

### **Styresak 2017/09 Utnemning av nytt heidersmedlem**

Vedtak er ikkje offentleg.

### **Styresak 2017/10 Kulturpolitiske prioriteringar for 2018**

Vedtak: FolkOrg har desse prioriteringane i høve statsbudsjettet 2018:

- Flytting av driftstilskot til post 78 i Kulturdepartementet
- Auke kulturfondet
- Full momskompensasjon.
- Auke kulturmidlane i UD.

### **Styresak 2017/11 Open klasse på Landsfestivalen i gammaldansmusikk**

Vedtak: Reglane for open klasse skal vere like for Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk. Det skal ikkje vere avgrensingar i musikkval, og dans er mogleg.

Formuleringa vert slik:

#### **Open klasse**

- I open klasse vil ein oppmode til å bruke så vel eldre samspelformer og instrumentsamansetjingar som nytenking og eksprimentering. Det er ikkje noka avgrensing i instrument.
- I denne klassa treng ein ikkje spele dansbar musikk.
- Klassa er for både solospel, samspel, vokal og dans.
- Maks tid pr. startnummer er seks minutt.
- I open klasse blir minimum dei tre beste, eller om lag ein tredel, rangerte. Dei resterande blir sette opp i alfabetisk rekkjefølgje.

**Styresak 2017/12 Premie i halling c og pardans C på Landskappleiken**

Vedtak: Styret i FolkOrg er positive til initiativet til å etablere ein pris med meir sosiale kriteria knytt til dans for c-klassingar. Ingrid Stuhaug avtaler eit nytt møte med Eva Fischer for å drøfte ulike spørsmål styret hadde, og saken kjem opp att i mars.

**Styresak 2017/13 Høyring på vedtekter for Kulturalliansen**

Vedtak: FolkOrg sender inn eit høyringsinnspel der vi kommenterer §2 Juridisk person og oppmodar om å ta bort siste setningsledd, då det er regulert i aksjeloven.

**Styresak 2017/14 Medlemsskap i CIOFF**

Vedtak: FolkOrg endrar medlemsskapet i CIOFF til assosiert medlem

**Styresak 2017/15 Eventuelt**

**a) Godkjenning av utlysning av rekrutteringsprosjektet**

Vedtak:

- Styret godkjenner framlegg til utlysning av rekrutteringsstøtta, som skissert i saksframlegget.
- Thor Hauknes blir med og vurderer søknadene saman med dagleg leiar før vi legg dei fram for styret.

**b) Framlegg til kandidatar til Lindemannprisen**

Vedtak: FolkOrg gjer framlegg om fire ulike kandidatane til å få Lindemannprisen. Namna er ikkje offentleg.

**c) Frist for å søke om å arrangere Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk 2019.**

Vedtak: Frist for å søke om å arrangere Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk i 2019 er sett til 15.september 2017.